



Miljødirektoratet
v/ Statsforvaltaren i Nordland
sfnopost@statsforvalteren.no

10. juni 2022

Klage - Dispensasjon til utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål - lutzgran og sibirlerk - Einar Andreassen - 56/4 – Vestvågøy (ref 2022/2731)

Vi klagar på Statsforvaltaren sitt vedtak. Vi meiner både fakta og vurderingar har feil som er avgjerande for utfallet i saka. Vi meiner denne saka skal ha avslag.

Organisasjonane som klagar arbeidar med naturmangfald. Vi kan på førespurnad gjere nærare greie for vår klagerett.

Vedtaket i denne saka er datert 9. mai 2022. Vi fekk kjennskap til vedtaket fredag 20. mai 2022 då det blei varsla frå Miljøvedtaksregisteret. Vi var avhengige av å sjå søknaden før vi kunne vurdere saka, og søknaden fekk vi tilsendt 23. mai.

Spreiing – sakshandsaminga av spreingsfare

I vedtaket finn ein: «*Vår vurdering: Det er ikke noen naturforekomster med registrert verdi i umiddelbar nærhet til det omsøkte plantefeltet. Avstanden til de nærmeste (fra om lag 1,6 – 3 km) ligger allikevel fortsatt innenfor kjent spredningsavstand for lutzgran ved høye vindhastigheter. På bakgrunn av terrengets beskaffenhet, med fjord og hei-/fjellområder som naturlige spredningshindre, anser vi allikevel risikoen for uønsket spredning til disse områdene som lav.*»

Vi meiner at NINA sin rapport, som vi kjem nærare inn på seinare, omtalar boreal hei (kategorisert som VU – sårbar – i norsk raudliste for naturtypar 2018) i området. Det er sannsynlegvis det vi ser på framsidebiletet til rapporten (Figur 1), saman med ein rømling frå tidlegare plantingar i området. Vi meiner ein difor må ta høgde for at det kan vere raudlista naturtypar nærare enn det som Statsforvaltar legg til grunn.

Vi er også usamde i vurderinga av spreingsfaren. Området som er mellom fjellryggen aust for omsøkte areal og Stamsund ligg i le. Frø som bles opp til toppen vil i stor grad flyte over toppen og ramle ned i lesone på baksida. Fjellryggen er sannsynlegvis ikkje eit spreingshinder.

Spreiing – rapport

Ein NINA-rapport om kartlegging av kortdistansespredning av framande bartre¹ omhandlar mellom anna lokaliteten som no er omsøkt planta. I rapporten er omsøkt område omtala som «Vestvågøy øst». Rapporten er nemnt av Statsforvaltaren i vedtaket, men det kan vere vanskeleg å få konklusjonane i rapporten til å stemme med det som står i vedtaket.

Spreiing – utsegn frå søkjar

Søkjar har i søknaden uttalt seg om spreiiingsfare:

20. Vurder hvilke følger utsettingen, av omsøkt treslag, kan medføre for det biologiske mangfoldet i og rundt utsettingsområdet. Vurderingen bør inneholde en beskrivelse av hvilke arter og økosystem som blir berørt av aktiviteten. Vurder videre hvilken innvirkning utsettingen kan regnes å ha på disse*:

Det sto sitkagran på flata som må forynges. Det er ikke registrert noe serlig naturlig foryngelse fra det plantefeltet.


Det forventes at det er liten fare for naturlig foryngelse da det er svært god bonitet på arealet.



Figur 1 Framsidebilete, NINA-rapport 1427. Foto: Magni Olsen Kyrkjeeide.

Nokon samanheng mellom bonitet på plantearealet og grad av spreiiing til omkringliggende areal har vi aldri høyr om. At søkjar har ei oppfatning av at det ikkje er noka særleg spreiiing frå plantefeltet skal ikkje vi protestere på. Men det er ikkje søkjar si oppfatning, men realiteten som skal leggast til grunn. Vi merker oss at rapporten frå NINA har ei anna oppfatning i dette spørsmålet. Vi meiner det er grunn til å legge stor vekt på det som kjem fram i denne rapporten om dette spørsmålet. Registreringane av lutzgras knytt til nemnte rapport (Figur 2) ligg elles tilgjengeleg på Artskart.

¹ Kyrkjeeide, M.O., Often, A., Olsen, S.L., Myklebost, H.E., Hagelin, J., Ruano, M., Frivoll, V. & De Stefano, M. 2017. [Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær. Nord-Norge](#). NINA Rapport 1427.



Figur 2. Brune punkt er lutzgran, registrert i samband med nemnte rapport. Henta frå Artskart, 1. juni 2022.

Når søkjar ikkje har forståing av eller oversikt over spreivingsvolumet og det finst ei spreieing som minimum er som kartutsnittet ovafor, så er dette tilstrekkeleg føresetnad for at eit mykje større areal vil vere infisert av lutzgran alt om 30 år. Dette er ikkje det forskrifta nemner som liten fare for spreieing.

Planteplikt

Alle granartar er framande i Vestvågøy kommune. Lutzgran er i tillegg av utanlandsk opphav. Dei internasjonale miljømåla, kjend som Aichimåla, og som og Noreg har slutta seg til, pålegg samfunnet å identifisere og fjerne verknaden av framande treslag ([Aichimål nr. 9](#)).

Ved hogst av skog vil det oppstå planteplikt, men ingen kan påleggast av samfunnet å bruke treslag som det same samfunnet har tatt ansvar for å fjerne frå norsk natur. Planteplikta må difor praktiserast ut frå kva som har stått på staden før det blei planta sitkagran/lutzgran i si tid. I dette landskapet kan ein tru at det har vore ei blanding av bjørk og heitypar. Det er ikkje vanleg å plante bjørk, då det verkar som denne spreier seg i slike område utan vår hjelp.

Fanging av rømlingar

Søkjar gjev uttrykk for at det går fint å samle inn rømlingar, noko som verkar vanskeleg å forstå gitt området topografi (Figur 3). Dei som laga NINA-rapporten seier noko om bratt terreng som det tok tid å undersøke. Viss ein i tillegg ikkje ser nokon rømlingar, ser vi for oss at fjerning av rømlingar kjem til å bli vidløftig. Elles ligg ein god del areal i sameige som venteleg krev samtykke frå andre.



Figur 3. Når ein ser lia på biletet kan ein sjå for seg at ein verken leiter etter rømlingar, finn dei, eller får fjerna dei før dei er så store at dei får kongler. Foto: Naturvernforbundet, juni 2022.

Artar med svært høg risiko

Lutzgran er klassifisert med (SE) Svært høg risiko. Rettleiaren til forskrifta seier om denne klassifiseringa: «*Generelt kan forvaltningsmyndigheten bare gi tillatelse til utsetting dersom det i det aktuelle tilfellet foreligger minimal risiko for spredning.*»

I dette tilfellet er spreingsrisikoen dokumentert frå førre utsett, og det var ikkje tale om «minimal risiko for spreing».

Sibirlerk

Det har vore antatt at sibirlerk har låg frøproduksjon og at frø er lite spiredyktige, om ein ser på vurderinga av økologisk risiko i framandartslista. Dette veit vi kanskje ikkje alt om, og for mange framande treslag er kartlegging av spreing mangelfull. Men vi veit at sibirlerk planta nær Hjerkin stasjon, 1000 moh., frøspreier seg. Det er mogleg at frøspreinga går litt saktare enn for andre lerkeartar, men det er ikkje det same som at sibirlerk ikkje kan spreie seg, t.d. til areal over tregrensa. Det er også oppgjeve i framandartsvurderinga² at det er geografiske variasjonar. Det kan vel også tenkjast at det er genetiske variasjonar. Om ein på Vestvågøy er i eit område der frøspreing ikkje vil skje, eller om det blir mykje frøspreing, veit ein vel ikkje.

Det er god kjennskap til europalerk, og spreing er godt dokumentert frå Tingvoll. Sibirlerka har kortare historie og mindre omfang i Noreg, noko som kan ha ganske stor innverknad på

² Elven R, Hegre H, Solstad H, Pedersen O, Pedersen PA, Åsen PA og Vandvik V (2018, 5. juni). *Larix sibirica*, vurdering av økologisk risiko. Fremmedartslista 2018. Artsdatabanken. Hentet 9. juni 2022 fra <https://www.artsdatabanken.no/fab2018/N/536>

kva registreringar som finst for kor fort ho spreier seg. Av føre var-grunnar bør ein legge til grunn at sibirlerk veldig sannsynleg vil få ein auka risikograd etter kvart som ein kartlegg frøspreiing.

Oppsummering

Søkjjar, Statsforvaltar og NINA-rapport 1427 har ulik oppfatning av området og om spreiiing frå tidlegare bestand. Det er svært sannsynleg at det vil bli spreiiing frå ei eventuell nyplanting, og at denne vil kunne påverke store område som også kan innehalde raudlista naturtypar. Det er ikkje heimel for å gje løyve til utplanting av lutzgran, og det er ein risiko ein ikkje bør ta i samband med bruk av sibirlerk på staden.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Fungerande leiar landmiljø, WWF Verdens naturfond